

Småkraftverk blir viktig valgkampsak

02.02.2011



Tverrelva-prosjektet omfattar heile fallet frå Mannsvatnet til dalbotnen. Her kan eit fall på meir enn 500 meter utnyttjast. (Foto: Anbjørn Høivik)

**Dei lokale politiske partia har ei viktig sak å ta fatt på i valgkampen med omsyn til småkraftverkutbyggjing.
Hvis prosjekta blir for hardt skattlagde og ikkje får levelege rammevilkår vil dei vera lite interessante både for investorar og grunneigarar.**



Det er lange kraft-tradisjoner i området - her er Kjerlandverket som forsynte store delar av Kvinnherad. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er Hans Reidar Kjærland, kontaktmann for Tverrelva-prosjektet, som gjer dette klart i samband med at Kvinnherad Arbeidarparti kom med ei fråsegn om denne saka under årsmøtet på Solheim Turiststasjon sist helg. Det er no vel 2 år sidan gruneigarane inngjekk avtale med SKL om utgreiing av prosjektet og eitt årsidan NVE fekk søknaden om konsesjon. Medan utbyggjinga av småkraftverk har kome langt til dømes i nabobygda Omvikdalen har framdrifta vore treg i Uskedalen, der det i den seinare tid har vore arbeidd md 3 prosjekt. Dei 2 andre er i Børsdalen og Eikedalen.

Kvinnherad Arbeidarparti heldt i helga fram at slike kraftverk er skånsomme for miljøet , gjev mykje rein og fornybar energi og er både miljømessig og økonomisk svært viktige forlandet. Men problemet er at utbyggjarane i mange tilfeller må gje bidrag til utbyggjing og ombyggjing av linjenettet i ein slik grad at prosjekta i verste fall ikkje kan gjennomførast. Partiet bad difor om at Staten kjem på bana med økonomisk støtte slik at mange fleire av prosjekta kan bli til verkelegheit.

Hans Reidar Kjærland opplyser til uskedalen.no at NVE reknar med ei ventetid på 2 år frå innsending før behandlinga kan ta til og ytterlegare 2 år til sjølve behandlinga. Den vil med andre ord ikkje starta før om eitt år frå no, altså i 2012. Dermed kan ein eventuelt ikkje ha eitt byggjeklart prosjekt før vi er inne i 2014, Men det er mykje som kan gjerast lokalt i ventetida, til dømes må ein klarleggja totalkostnad og lønsamheit og her står avgift- og skattespørsmåla svært sentralt, understrekar Kjærland.

Kjærland slår fast at småkraftverka i dag er urettferdig behandla skatte- og avgiftsmessig. Ei sak gjeld problemet med at dei ikkje får grøne sertifikat ved byggjestart før 2009. Ein annan sak er skeivfordelinga i samband med eiendomsskatten. Beskatninga blir altfor høg - 7 promille av investert kapital - og den kan kommunane sjølv gjea noko med, understrekar kontaktmannen.

Av Ola Matti Mathisen